



Uskedalsposten har sidan oppstarten i desember 2005 kome med 25 magasin.

Det populære magasinet Uskedalsposten kjem ikkje ut til sommaren. Neste utgåve kjem i desember 2016. Uskedalsposten er ein del av Hobbyklubben sitt barne- og ungdomsarbeid på bedehuset. For tida er ikkje avisgruppa aktiv. Tore Mathiesen lovar at straks avisgruppa er i arbeid, skal det bli arbeidd med ny utgåve.

Uskedalsposten har vore godt motteke av fastbuande, hyttefolk, feriegjester og ikkje minst utflytte uskedelingar. Sidan oppstarten jula 2005 har det kome heile 25 hefte. Alt året etter i 2006 og fram til 2011 kom Uskedalsposten med 3 nummer i året. Frå 2012 gjekk talet ned til 2 utgåver.

Bladet har med mykje lokalhistorisk stoff, aktuelle innlegg og personlege intervju. Barn og ungdom er ein sentral del av innhaldet i Uskedalsposten. Mange vil sakna magasinet i sommar, men kan gled seg til nytt nummer fram mot jul.

Tekst/foto: Kristian Bringedal
 Nett: Thor Inge Døssland